

Meld deg på til kulturmønstringa!

17.11.2009



- Meld deg på til UKM, er oppmodinga frå rektor Rolf Lothe. (Foto: Ola Matti Mathisen)

23. januar er det ei ny Ungdommens kulturmønstring (UKM) i Kulturhuset Husnes og rektor Rolf Lothe i Kvinnherad kulturskule oppmodar i Kvinnheringen ungdom som utøvar kultur på eit eller anna felt om å mælda seg på.

Fristen er 31. desember og målgruppa er dei mellom 10 og 20 år.

Lothe strekar under at arrangementet er ope for det meste: Dans, musikk, standup, teater, film/video, teikning, maleri og skulptur. UKM har vore ein debutplass for mange - noko å veksa på.

På kulturskulen sine heimesider finn ein praktiske opplysningar om påmelding. Det plar vera god oppslutnad om arrangementet.

Alle får høve til å gjennomføra ein prøve om føremiddagen.

Arrangementet er ei mönstring, ikkje ein konkurranse. Ein jury plukkar ut eit knippe utøvarar som går vidare til fylkesmönstringa.

Målet med UKM er å visa breidda i det som går føre seg på kultursektoren i Kvinnherad. Alle deltakarar får diplom og dei som juryen plukkar ut får og ei skriftleg vurdering.

Av Ola Matti Mathisen